



# Bedriftsundersøkinga 2026 Nav Vestland

Resultat Vestland fylke



# Om undersøkinga i Vestland

- Resultata i denne undersøkinga omhandlar bedriftene sine forventningar for 2026. Svara er bedriftene sin sjølvrapporterte vurdering.
- Undersøkinga er gjennomført i februar og mars i år.
- 1 100 bedrifter har svart på undersøkinga i Vestland. Dette gir ein svarprosent på 73, som er noko opp frå 2025.



# Bedriftsundersøkinga 2026 i Vestland - hovudfunn

- Resultata frå bedriftsundersøkinga for 2026 ligg på omtrent same nivå som i 2025 når det gjeld forventningar til tilsette og til marknadssituasjonen generelt.
- I Nav ser vi særleg på utsiktene i høve til endring i tal tilsette. Tala våre syner at det er fleire som ventar vekst enn reduksjon på eit nivå som har vært nokså stabilt dei siste 4 år. Det store fleirtalet ventar likevel stabil sysselsetting komande år (66 prosent).
- Verksemdar med tilknyting til oljeverksemd er meir optimistiske enn verksemdene utan tilknyting også i år, samstundes er gapet redusert samanlikna med 2025.
- Vestland er i ein situasjon med mangel på kvalifisert arbeidskraft. Estimert behov for arbeidskraft ligg på om lag 6 300 for denne undersøkinga, som er nokså likt nivået for dei førre 3-4 åra.
- I absolute tal er mangelen størst innan helsesektoren og bygg og anlegg.

## Bedriftsundersøkinga 2026 i Vestland - hovudfunn

- 23% av bedriftene melder om rekrutteringsproblem, som er ein reduksjon på 5 prosentpoeng frå ifjor. Vestland er framleis fylket med nest høgast tal på dette.
- Nettoauken er framleis negativ når det gjeld investeringsnivået. Spesielt innan konjunktursensitive næringar, som t.d. bygg og anlegg, skaper global uro og usikre renteutsikter uvisse, noko som kan bidra til å hemme investeringar.
- Undersøkinga syner at over halvparten av bedriftene i fylket har begynt å ta i bruk KI
- Resultata frå undersøkinga i år bør sjåast i samanheng med den volatile globale situasjonen me er i i dag. Usikre handelsvilkår og geopolitisk ustabilitet kan skapa uvisse for bedriftene i Vestland, noko som potensielt gjer resultata i år litt meir usikre enn vanleg.

# Utsiktene for 2026 – Forklaring til tala

- Bedriftene har svart på korleis utsiktene for 2026 blir vurdert i forhold til 2025 når det gjeld:
  - Utvikling i tal på tilsette
  - Marknadsutsiktene
  - Driftsresultat
  - Omsetning
  - Investeringar
  - Eksport
- Dei fleste indikatorane viser nettoauke. Det vil seie prosentdelen som svarar oppgang minus prosentdelen som svarar nedgang.
- Samla utsikter er gjennomsnitt av nettoauken for tilsette, marknadsutsikter, omsetnad, driftsresultat og investeringar. Eksport er ikkje med fordi ein stor del av bedriftene i utvalet ikkje har eksport.

*Eksempel på utrekning av nettoauke:*

	Oppgang	Uendret	Nedgang	Nettoøkning
Jordbruk, skogbruk og fiske	17 %	66 %	17 %	0 %
Bergverksdrift og utvinning	17 %	50 %	33 %	-16 %


*Her ser vi at 17% av verksemdene innan jordbruk, skogbruk og fiske melder om at dei vil ha ein oppgang i talet på tilsette, medan same del melder om nedgang. Reknestykket vert då  $17\% - 17\% = 0\%$  nettoauke på denne indikatoren for denne næringa. Innan bergverksdrift og utvinning ventar 17% oppgang og 33% nedgang, som gir ein nettoauke på -16%.*



# Utsiktene for 2026




# Endring i tal tilsette




66 prosent av bedriftene har forventning om uendra tal tilsette komande år. 12 prosent ser føre seg reduksjon og 22 prosent ventar auke. Dette gir nettoresultat på 10 prosent som kurva syner.

# Marknadsutsiktene




62 prosent av bedriftene som svarte på undersøkinga vurderer marknadsutsiktene som uendra. Nokre fleire bedrifter er optimistiske (22 prosent) enn pessimistiske (16 prosent), som resulterer eit netttotal på 6 prosent. Det er likevel vert å påpeika at marknadssituasjonen er volatil for tida, noko som kan bety at forventningane til bedriftene kan endra seg på nokså kort sikt.

# Omsetnad




56 prosent av bedriftene trur på uendra omsetningstal. Som i fjor, ser me ei tydeleg overvekt på vekstsida. Resultatet gir ein nettoauke på 16%.

# Investeringsnivå




Når det gjeld investeringane er det framleis overvekt på bedrifter som trur på reduksjon, m.a. i bransjar relatert til bustadmarknaden. Her vil det ta tid før investeringsnivået tek seg opp igjen etter eit stort fall dei siste åra. I tillegg skaper den globale situasjonen uheldige rammevilkår for investeringar i ei lita, open økonomi som Noreg. Delen som trur på uendra nivå er på 63 prosent, medan 17 prosent trur på oppgang og 20 prosent på nedgang.

# Eksport




Eksport er berre relevant for ein mindre del av utvalet i undersøkinga. 291 bedrifter har svart. Her er det viktig å peike på at heile 72 prosent svarar uendra utsikter komande år, samstundes som nettoauken er negativ (-8 prosent).

# Driftsresultat



Gjennomsnittsbedrifta ventar eit forbetra driftsresultat i år samanlikna med fjoråret, som synleggjer ei tydeleg positiv utvikling samanlikna med både 2024 og 2023. 62% av bedriftene svar uendra, medan 21% trur på vekst.


# Samla resultat



I denne kurva har vi lagt saman svara på dei 5 områda over, utanom eksport, for å få eit totalbilde av situasjonen i fylket. Her finn vi at 62 prosent forventar ein uendra samla situasjon komande år. Dette er i sum identisk med nivået i 2025.


Arets undersøking bruker ny standard for næringsgruppering som blei innført av SSB 1. september 2025 (SN2025). Nokre av hovudforskjellane mellom den gamle næringsstandarden (SN2007) og den nye (SN2025) er mellom anna at barnehagar er flytta frå næringa helse- og sosialtenester til undervisning, samt endringar innan varehandelnæringa. Det betyr at tala på næringsnivå frå årets undersøking ikkje kan samanliknast med tidlegare år.

# Samla indeks fordelt på næring



Arets undersøking bruker ny standard for næringsgruppering som blei innført av SSB 1. september 2025 (SN2025). Nokre av hovudforskjellane mellom den gamle næringsstandard (SN2007) og den nye (SN2025) er mellom anna at barnehagar er flytta frå næringa helse- og sosialtenester til undervisning, samt endringar innan varehandelnæringa. Det betyr at tala på næringsnivå frå årets undersøking ikkje kan samanliknast med tidlegare år.

# Forventningar til endring i tal tilsette på næring






# Mangel på kvalifisert arbeidskraft



# Mangel på kvalifisert arbeidskraft 2026 fordelt på næring




Som venta er mangel på kvalifisert arbeidskraft klart størst innan den store sektoren helse og sosiale tenester.

Mangelen er også stort innan bygg og anlegg. Samstundes som mange aktørar i næringa framleis slit etter nedturen i kjølvatnet av den pengepolitiske innstramma som tok til i 2022, har det over tid blitt vanskelegare å få tak i kvalifisert arbeidskraft. Dette må sjåast i samanheng med redusert tilgang på utanlandsk arbeidskraft, særleg frå Aust-Europa. At Noreg ikkje lenger klarer å trekke til seg utanlandske arbeidsinnvandrarar i same omfang som tidlegare, vil truleg bli endå meir merkbart for byggenæringa når aktiviteten etter kvart tek seg opp.


Totalt 2026 - 6 290  
Totalt 2025 - 6 750  
Totalt 2024 - 5 640

# Yrka med størst mangel på arbeidskraft i Vestland



- Me ser at helseyrka dominerer oversikten, særleg helsefagarbeidarar er svært etterspurde.
- I tillegg etterlysast en del handverkarar, i første rekke elektrikarar og snekkarar
- Buss- og lastebilsjåførar kjem og høgt på lista.

# Kva kompetanse vert etterspurd (2025 – 2026)



- Det er framleis god etterspurnad både for fagarbeidarar og dei med høgare utdanning.
- Liten dropp i etterspurnaden etter ufaglært arbeidskraft.
- NB! Her kan bedriftene krysse av på fleire kategoriar.


*Ikkje aktuelt: Bedrifta har ikkje rekrutteringsbehov i 2026.*



# Rekrutteringsproblem



# Rekrutteringsproblem Vestland og landet




Her spør vi om bedrifta har mislukkast med rekruttering siste 3 mnd eller har tilsett ny medarbeidar med annan eller lågare kompetanse enn etterspurt.

Som det går fram av grafane så har me ein litt anna utvikling enn resten av landet dei siste 3 åra. Dette ser me også igjen i trendlinjene.


Sjølv om delen som melder om rekrutteringsproblem har gått ned i 2026, er det berre Troms som har et høgare tal enn Vestland.

Arets undersøking bruker ny standard for næringsgruppering som blei innført av SSB 1. september 2025 (SN2025). Nokre av hovudforskjellane mellom den gamle næringsstandard (SN2007) og den nye (SN2025) er mellom anna at barnehagar er flytta frå næringa helse- og sosialtenester til undervisning, samt endringar innan varehandelnæringa. Det betyr at tala på næringsnivå frå årets undersøking ikkje kan samanliknast med tidlegare år.

# Rekrutteringsproblem fordelt på bransje 2026



# Rekrutteringsproblem regionvis 2026





# Tiltak for å møte utfordringane

Innovasjon

Kompetanse/ opplæring


Organisasjonsendring

Permittering

Nedbemanning



# Tiltak samanfatta og samanlikna siste 3 år




- Positivt at bedriftene framleis møter utfordringane i marknaden med innovasjon og kompetanseheving.
- Auke i talet på bedrifter som ser på endringar i organisering samanlikna med fjoråret.
- Svært få ser på permittering og oppseiing som aktuelt.



# Oljerelatert verksemd




# Samleindeks oljetilknytt og *ikkje* oljetilknytt kvar for seg



Me ser at samleindeksen for oljetilknytt næring i 2026 framleis er høgare enn for bedrifter ikkje tilknytt denne. Oljeverksemdar er framleis meir optimistiske enn andre bedrifter.

Differansen er likevel mindre enn den var i 2025.

# Endring i tal tilsette, oljetilknytt og *ikkje* oljetilknytt kvar for seg




Oljetilknytte verksemdar har framleis større rekrutteringsbehov i 2026 enn andre næringar. Dette bidreg til at den totale sysselsetjingsindikatoren og aukar.


I denne konteksten er det viktig å påpeika at bedriftene sjølv rapporterer om dei har ei tilknytning til oljesektoren eller ikkje.



# Bruk av kunstig intelligens (KI)




# Bruker verksemda kunstig intelligens (KI) for å gjennomføre éi eller fleire av følgande arbeidsoppgåver?



- Delen av verksemder som hadde nytta KI var 53% både for Vestland og landet.
- Dei fleste kryssa av for arbeid med tekst, og litt meir spreidd utover dei andre alternativa.
- I stort, små forskjellar mellom Vestland og landet.

*Grafen viser del som har kryssa av for dei forskjellige bruksområda. Fleire kryss var mogleg.*

# Kva er dei viktigaste grunnane til at verksemda ikkje brukar KI?




- Delen av verksemdar som ikkje hadde nytta KI var 47% både for Vestland og landet.
- I hovudsak er dette fordi dei ikkje ser på det som relevant (72% i Vestland), men for om lag ein femtedel oppgjevast mangel på kompetanse og kapasitet
- I stort, små forskjellar mellom Vestland og landet.

*Grafen viser del som har kryssa av for dei forskjellige bruksområda. Fleire kryss var mogleg.*

Arets undersøking bruker ny standard for næringsgruppering som blei innført av SSB 1. september 2025 (SN2025). Nokre av hovudforskjellane mellom den gamle næringsstandard (SN2007) og den nye (SN2025) er mellom anna at barnehagar er flytta frå næringa helse- og sosialtenester til undervisning, samt endringar innan varehandelnæringa. Det betyr at tala på næringsnivå frå årets undersøking ikkje kan samanliknast med tidlegare år.


## Bruker verksemda kunstig intelligens (KI)? Fordelt etter næring (tal for landet)



- Flest verksemdar innan kommunikasjon, finans og det offentlege har tatt i bruk KI.
- Færrast har tatt KI i bruk innan jordbruk, transport og hotellbransjen.
- Stort spenn mellom næringane, frå 35% i hotellbransjen til 90% innan kommunikasjon.

*Grafen viser del som har kryssa av for dei forskjellige bruksområda. Fleire kryssa var mogleg.*

## Kva er dei viktigaste grunnane til at verksemda ikkje brukar KI? «Manglar kompetanse/kapasitet» fordelt etter næring for landet



- Delen av verksemder som ikkje hadde nytta KI var 47% både for Vestland og landet.
- Oversikta visar delen av verksemder som svarer at mangel på kompetanse og kapasitet bidreg til at man ikkje nyttar KI
- Særleg helsesektoren saknar i særklasse kompetanse av næringsgruppene. 35% av helseverksemder har svara dette, mot eit nivå rundt 20% for dei fleste andre.

*Grafen viser del som har kryssa av for dei forskjellige bruksområda. Fleire kryss var mogleg.*

